

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføraren
Revisor
Rådmannen

Medlemmane av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte

tysdag, 10.04.2018 kl. 14.00 på formannskapssalen

SAKLISTE:

- Sak 01/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 25.10.2017
- « 02/18 - Plan for forvaltningsrevisjon for Sykkylven kommune
- « 03/18 - Eigarskapskontroll for ÅRIM (Ålesundregionens interkommunale miljøselskap IKS) på vegne av Ålesund kommune. Kunnskapsdeling med Sykkylven kommune.
- « 04/18 - Praksis for stemmegiving i Sykkylven kommune og kommunelovas reglar om dette.
- « 05/18 - Orientering om habilitet ved leiar Rolf Bergman.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post bjorn.tommerdal@sksiks.no.

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

Sak 01/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 25.10.2017

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 25.10.2017, kl.14.00

Møtestad: Formannskapssalen

Møtet vart leia av: Rolf Bergmann

Elles tilstades:

Ståle Eikrem, Karen Elise Matheson, Torill Velle og Roger Welle. Dessutan møtte varamedlem Grethe Melseth i sak 22/17.

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne
Frå Sykkylven kommune møtte ordførar Odd Jostein Drotninghaug.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

Det vart ikkje innmeldt saker under eventuelt.

SAK 21/17

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 1. JUNI 2017

Ved gjennomgang av møteboka frå møte 1. juni 2017 tok Karen Elise Matheson opp igjen sak 19/17 om at det i politiske vedtak burde kome fram opplysningar om korleis partia hadde røysta. I same sak hadde heile kontrollutvalet sluttat seg til hennar synspunkt. Kontrolluvalet vedtok på nytt å presisere dette behovet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak om møteboka:

Møtebok frå møte 1. juni 2017 blir godkjent.

SAK 22/17

TILSKOT TIL UΤBYGGING AV BREIBAND –

_2 KONKURRANSEPROBLEMATIKK

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 25.10.2017

Roger Velle stilte spørsmål ved eigen habilitet og forlet møtet. Kontrollutvalet vedtok samrøystes at Roger Welle var inhabil etter forvaltningslova § 6, første ledd bokstav a. Varamedlem Grethe Melseth tok sete.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det blir vist til dei problemstillingane som er nemnt ovanfor. Kommunerevisjonen blir bedt om å gjere ei undersøking og legge fram rapport om desse.

Grethe Melseth forlet møtet og Roger Welle tok sete.

**SAK 23/17
KOMMUNALE GRATISTOMTER**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 17.10.2017

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ser det som uheldig at kommunen ikkje har ivareteke sine interesser når det gjeld byggefristar og forkjøpsrett.

Kontrollutvalet ber rådmannen gå gjennom sine rutinar på forvaltningsområdet med tilbakemelding til utvalet om innhaldet av desse, snarast.

Kontrollutvalet ber vidare rådmannen rapportere til kontrollutvalet om tilsvarande har skjedd i dei andre bustadfelta.

**SAK 24/17
OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI OG ENGASJEMENTSBREV**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 17.10.2017

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 25/17

VEDKOMANDE BUDSJETT 2018-SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 17.10.2017

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 30.000,00.

Rolf Bergmann leiar (sign.)	Ståle Eikrem nestleiar (sign.)	Karen Elise Matheson medlem (sign.)	Torill Velle medlem (sign.)	Roger Welle medlem (sign.)
-----------------------------------	--------------------------------------	---	-----------------------------------	----------------------------------

Grethe Melseth
varamedlem
(sign.)

Sak 02/18 - Plan for forvaltningsrevisjon for Sykkylven kommune

Plan for forvaltningsrevisjon

Sykkylven kommune

BAKGRUNN

Sykylven kontrollutval har ikkje drøfta plan for forvaltningsrevisjon tidlegare i denne valperioden.

INNLEIING

Det er eit krav om at behovet for forvaltningsrevisjon i dei ulike tenesteområda, skal bli identifisert med utgangspunkt i ei *overordna analyse* basert på «*risiko- og vesentlighetsvurderinger*».

Kommunestyret har det øvste ansvar for tilsynet med forvaltninga. Kontrollutvalet er det organ som på vegne av kommunestyret skal gjennomføre dette tilsynet, og er ikkje underlagt andre avgrensingar enn dei som eventuelt er gitt av kommunestyret.

Kontrollutvalet har eit ansvar for å sjå til at Sykylven kommune er gjenstand for forvaltningsrevisjon. I dette ligg at kontrollutvalet har ei rolle i forhold til å velje ut prosjekt for forvaltningsrevisjon. I kraft av å ha det overordna tilsvansansvaret i kommunen, kan kommunestyret gje instruksar om igangsetting av prosjekt. I mangel av slike, avgjer kontrollutvalet sjølv dei tenesteområda som skal vere gjenstand for forvaltningsrevisjon.

Kravet om at kommunestyret sjølv skal vedta innhald og omfang av forvaltningsrevisjon er knytt til ein intensjon om at kommunestyret bør ha ei aktiv og bestemmande rolle. Det at kommunestyret har ein rett til å gi detaljerte instruksar, er likevel ikkje det same som ei plikt. Om kommunestyret legg opp til ein omfattande bruk av instruksar, bryt ein med intensjonen bak det å opprette eit utval der forvaltningsrevisjon er ei viktig arbeidsoppgåve.

Kjerneoppgåvene til kontrollutvalet i samband med forvaltningsrevisjon er:

- Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon
- Rapportar om forvaltningsrevisjon
- Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar

PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

Den type av revisjonstenester som forvaltningsrevisjon sorterer under, har både nasjonalt og internasjonalt hatt ei rivande fagutvikling dei seinare åra. Det sentrale ved all revisjon er å setje inn ressursane der ein mest truleg finn dei mest vesentlege forbetingane. Det er dette som skal vere det berande prinsipp når kommunestyret og kontrollutvalet skal velje ut prosjekt, og er meiningsinnhaldet i ein plan der vala er basert på «*risiko- og vesentlighetsvurderinger*».

I ein periode på fire år oppstår det gjerne hendingar som gjer at eit kommunestyre og/eller kontrollutval ønskjer å sette i gang undersøkingar. Vi kan kalle slike undersøkingar hendingsbaserte, i motsetnad til risikobaserte. Det kan typisk vere ei uønska hending eller tilstand som blir kjend gjennom ei varsling, eit medieoppslag eller liknande. Fellesnemnaren er at noko kritikkverdig kan ha skjedd, og kontrollutvalet og/eller kommunestyret ønskjer saka belyst, med fokus

på den konkrete hendinga. Formålet kan vere å klarlegge og gi ei framstilling av kva som faktisk har skjedd, og deretter å belyse eller forklare dei utløysande faktorane. Ofte vil media og publikum vere særskilt interessert i slike saker.

Ordet gransking blir gjerne brukt i ein slik samanheng. Det er likevel grunn til å vere varsam med omgrevsbruken. Gransking som undersøkingsmetode er ikkje regulert i kommunelova og er heller ikkje eit eintydig omgrep. Det blir gjerne oppfatta som dramatisk om ein klassifiserer ei undersøking som gransking. Bruken av omgrepet kan tilføre saka ein alvorlegare dimensjon enn den i utgangspunktet har. Det finns retningslinjer for profesjonar si gjennomføring av gransking, til dømes Advokatforeininga sine retningslinjer. Temaet er omtalt i Kontrollutvalsboka.

For mange hendingsbaserte undersøkingar er det tenleg å organisere undersøkinga som eit forvaltningsrevisjonsprosjekt etter standard for forvaltningsrevisjon.

Det er vår erfaring at hendingsbaserte undersøkingar gjerne er *enklare å gjennomføre*, då ein ofte har klart føre seg kva som er aktuelt å sjå nærmare på. Vidare er det gjerne eit *større behov* blant innbyggjarane, media, kommunestyret for slike undersøkingar. Ei slik tilnærming kan mao gi ei *better utnytting* av dei knappe ressursane som er stilt til rådvelde for forvaltningsrevisjon.

Det bør også vere noko samsvar mellom eventuell kritikk og det tidpunktet ei uønska hendig oppstår. Dette vedkjem også i kva grad ein kan stille rådmannen ansvarleg.

Kommunerevisjonen vil tilrå ein dynamisk plan, som ein revisjonsplan gjerne skal vere. Vi tek sikte på ei årleg drøfting og rullering i kontrollutvalet. Planen vil då bli oppdatert med nye aktuelle kontrolltema sidan førre rullering. I tråd med dette vil behovet bli vurdert opp mot tilgjengelege ressursar. Det er ønskjeleg både for revisjonen og kontrollutvalet at ein får ned tida frå vedtak om ein gjennomgang til rapport blir ferdigstilt.

Vi vil presisere at ein dynamisk plan ikkje er til hinder for at kontrollutvalet eller kommunestyret kan skjere gjennom og vedta ein gjennomgang når det er ønskjeleg.

KONTROLLUTVALET SI RAPPORTERING TIL KOMMUNESTYRET

Det er eit krav at revisor skal rapportere resultata av gjennomførte prosjekt til kontrollutvalet. Normalt vil rapportar bli formidla til kommunestyret, men kontrollutvalet har ingen plikt til dette. Utvalet har derimot ei plikt til å sjå etter at kommunestyrevedtak knytt til slike rapportar blir følgjt opp. Det ligg likevel ikkje til kontrollutvalet å fastsetje på kva måte administrasjonen skal følgje opp vedtaka. Det er stilt krav om at administrasjonen blir gitt rimeleg tid, men kontrollutvalet må sjølv vurdere bruken av tidsfristar.

INNHALDET I FORVALTNINGSREVISJON

Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, oppnådd resultat og verknadar ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnadjar. I dette ligg om:

- ressursar blir brukt til å løyse oppgåver i samsvar med vedtak og føresetnadjar
- ressursbruk og verkemiddel er effektive i forhold til måla som er sett
- regelverket blir etterlevd
- styringsverktøy og verkemiddel er tenlege
- grunnlaget for vedtak i politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav
- resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med føresetnadane og om resultata er nådd

Forvaltningsrevisjon skal vere eit reiskap for det øvste politiske organ i forhold til å føre tilsyn og kontroll med forvaltninga og dei resultat som blir oppnådd.

Punkta over seier noko om kva forvaltningsrevisjon bør halde fokus mot. Fokuset bør vere å sikre tenlege styringssystem som igjen sikrar ei målretta og kostnadseffektiv drift. Det sentrale ved forvaltningsrevisjon, er vurderingar om resultata er i tråd med vedtak og føresetnader. I denne forstand er den resultatorientert, og ikkje avgrensa til undersøkingar av økonomi.

I høve til forvaltningsrevisjon, set ikkje regelverket klare avgrensingar til økonomi. Dette fordi ein ikkje finn det tenleg å avgrense kontrollutvalet sitt arbeidsområde. Det å ikkje å avgrense til økonomi, er likevel ikkje det same som at ein ikkje skal fokusere på økonomi. Det vil ofte vere slik at det er lite tenleg at kontrollutvalet gjennom forvaltningsrevisjon, fokuserer på område der andre instansar har tilsyn med kommunen.

Forvaltningsrevisjon, og rapportering av forvaltningsrevisjon, skal skje etter «god communal revisjonsskikk» og etablerte standardar på området. Det er også stilt krav om revisjonskriterium for kvart prosjekt. Det er ein måte å seie at det skal gå klart fram kva som ligg til grunn ved vurderinga av forvaltninga.

Revisor skal rapportere resultata av gjennomførte prosjekt til kontrollutvalet. Ved slike rapportar skal administrasjonssjefen ha høve til å gi uttrykk for sitt syn, og dette skal ligge ved. Om revisjonen gjeld eit kommunalt føretak, skal styret og dagleg leiar sitt syn ligge ved.

OM RISIKOSTYRING

Planen skal vere basert på *ei overordna analyse* med det føremål å skaffe fram relevant og nødvendig informasjon, og slik vere til hjelp når kontrollutvalet vel kva for tema ein har behov for ein systematisk gjennomgang av. Utover det at den skal vere overordna og heilskapleg, samt gjennomført på kort tid med ein beskjeden ressursinnsats, er det ikkje stilt nærmere krav.

Den overordna analysen skal vere basert på vurderingar av risiko og kva som er vesentleg. Ein kommune som styrer risikobasert, arbeider mot å identifisere kva som kan gå galt, med andre ord kva kan skje som inneber at eit tenesteområde ikkje når sine uttalte og ikkje uttalte mål. Vidare blir det prøvd å vite noko om kor sannsynleg det er at noko går gale og kva for konsekvensar det får. Til slutt tek ein slik organisasjon stilling til kva for tiltak ein kan sette inn for å redusere både omfanget av konsekvensane og kor sannsynleg det er at dei oppstår.

Den same tenkinga skal etter regelverket også ligge til grunn ved val av prosjekt innan forvalningsrevisjon. Ein skal søkje å finne dei teneste- og temaområde der det mest truleg er mest vesentlege avvik frå uttalte og ikkje uttalte målsettingar.

Innanfor ramma av ei verksemd sitt føremål må leiinga etablere strategiske målsettingar, velje strategi og etablere tilhøyrande målsettingar for verksemda.

Rammeverket for risikostyring har fokus på å oppnå målsettingar som ein kan dele inn i følgjande fire kategoriar:

- *Strategiske* – mål på overordna nivå som er i samsvar med og understøttar verksemda sitt føremål
- *Driftsrelaterte* – målretta og kostnadseffektiv bruk av ressursane i verksemda
- *Rapporteringsrelaterte* – påliteleg rapportering
- *Etterlevingsrelaterte* – etterleiving av gjeldande lover og reglar

Inndelinga av verksemda sine målsettingar i kategoriar gjer det mogleg å fokusere på ulike aspekt ved risikostyring. Dei forskjellige, men også overlappande kategoriene rettar seg mot ulike behov i ei verksemd og ligg under leiarane sitt ansvarsområde. Denne inndelinga gjer det også mogleg å skilje mellom kva ein kan forvente innan ulike kategoriar.

Då målsettingar relatert til påliteleg rapportering og etterleiving av lover og reglar er innanfor ei verksemd sin kontroll, kan risikostyring forvente å gi rimeleg grad av trygging for at desse målsettingane blir nådd. Oppnåing av strategiske og driftsrelaterte målsettingar er påverka av eksterne hendingar som verksemda ikkje alltid kan kontrollere. Risikostyring kan vere med på å sikre at leiinga og kommunestyret i si tilsynsrolle, rettidig blir gjort merksam på om verksemndene går mot oppnåing av målsettingane.

Vi har prøvd å gi eit innblikk i kva for tankegods som ligg til grunn i reglane for planverk innan forvalningsrevisjon. Dei ambisjonane som blir trekt opp er ambisiøse, og det er sjølv sagt positivt. Eit rigid og objektivt planverk vil likevel kunne vise seg å seie lite om det praktiske. Det beste planverket må søke å integrere det objektivt faktabaserte med det subjektivt erfaringsbaserte som politikarar og administrasjonen sitt med. Det er vår og andre si erfaring at eit ambisiøst og vidt planverk gjerne viser seg å vere krevjande å vedlikehalde.

Regelverket er ikkje til hinder for at planen blir rullert i kommunestyret oftare enn kvar valperiode. Det vil kunne sikre god forankring og aktualitet Vår erfaring er at kommunestyra gjer gode val av prosjekt når dei finn det naudsynt.

ANALYSE

Ei omfattande og detaljert analyse legg bindingar på ressursar og dette kan kome i konflikt med aktualitet. Plan for forvalningsrevisjon bør difor som tidlegare nemnt etter vår vurdering vere eit dynamisk dokument, med rullerande analyse.

Det er etter vårt syn slik at ei analyse kan vere kvalitativ, altså verbalt drøftande, i staden for å vere kvantitativ. Det kan og vere ein kombinasjon.

Vedtak om undersøkingar frå kommunestyret

Det ligg ikkje føre vedtak om undersøkingar.

Oppfølgingssaker frå kontrollutvalet

Kontrollutvalet satt opp ei sak 10/17 den 25.04.17 som hadde tittelen: *Vilkår knytt til tilskot til breibandutbygging*. Det vart då fatta eit slikt vedtak:

Det blir utarbeidd ei forundersøking for å kunne treffe ei avgjersle om eventuelt å gå inn i saka.

Med bakgrunn i dette vedtaket vart det fremma ei sak 22/17 den 25.10.17 med tittel: *Tilskot til utbygging av breiband – konkurranseproblematikk*. Samrøystes vedtak var då:

Det blir vist til dei problemstillingane som er nemnt ovanfor.

Kommunerevisjonen blir bedt om å gjere ei undersøking og legge fram rapport om denne.

Kommunerevisjonen vil svare ut dette vedtaket med å lage ein rapport innanfor ramma av ein forvalningsrevisjon. Det ligg føre eit utkast som vil bli sendt på høyring.

Generelle utviklingstrekk

Folketalet har lagt stabilt dei siste åra. Det gjeld også andel av kvinner.

	2012	2013	2014	2015	2016
Folkemengden i alt	7 673	7 730	7 707	7 675	7 695
Økning	0,1 %	0,7 %	-0,3 %	-0,4 %	0,3 %
Andel kvinner	49,8 %	49,8 %	49,8 %	49,7 %	49,8 %

Rekneskap og økonomi

Vi har framstilt ein tabell som syner utviklinga i tre viktige indikatorar som seier noko om den økonomiske utviklinga for Sykkylven kommune dei siste åra:

	2012	2013	2014	2015	2016
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	0,3	-0,2	-1,1	8,3	5,9
Dispositionsfond i % av brutto driftsinntekter	0,3	0,5	0,5	0,2	1,0
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	91,9	91,0	95,0	91,2	84,3

Riksrevisjonen har anbefalt eit driftsresultat på over 1,75 %, eit disposisjonsfond på over 5 % av inntektene og eit gjeldnivå under 75 % av inntektene. Sykkylven kommune har hatt svake driftsresultat over mange år. Dei to siste åra har derimot driftsresultatet vore innanfor den anbefalte norm. Vidare ligg disposisjonsfonda ikkje innanfor anbefalt norm, men dette må ei sjølvsagt sjå i samanheng med alle åra med ein svak økonomi tidlegare. Lånegjelda er heller ikkje innanfor anbefalt norm, men den er likevel kanskje ikkje særleg høg i samanlikna med ein del andre kommunar.

Vi har også framstilt ein tabell som samanliknar desse indikatorane for 2016:

	Sykkylven 7	Gruppe Møre og Romsdal	Landet
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	5,9	4,2	3,5
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter	1,0	10,8	5,5
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	84,3	87,9	100,5
			83,1

Overordna planarbeid

Kommuneplanen sin samfunnsdel for 2011 – 2025 vart vedteke i kommunestyret den 27.06.11, medan arealdelen vart utarbeidd i 1989 og rullert i 2012. Arealdelen vart sist vedteke i møte den 27.05.13, sak 26/13.

I planstrategien går det fram ein slik tabell:

PLANSTRATEGI SYKKYLVEN 2012-15		Planlagte planoppgåver i valperioden				Status 2016
NAMN PÅ PLAN	Vedtaksår	2012	2013	2014	2015	
KOMMUNEPLAN						
Samfunnsplan	2011					
Kommuneplan Arealdel	1989	Rullering				Vedtak 2013
KOMMUNEDELPLANAR						
Helse- og omsorgsplan	2012					
Kommunedelplan for idrett og friluftsliv	2012			Rullering		Vedtak 2015
Kommunedelplan utvida sentrum	2010					
Kommunedelplan Straumgjerde	2003			Rullering		Planforslag til 1.høyring
Kommunedelplan Nyæterørdrådet						Vedtak 2014
TEMA- og SEKTORPLANAR						
Rusmiddelpolitisk handlingsplan	2012			Rullering		Vedtak 2015
Ungdomssatsings - eldsjelstrategi	2003		Rullering			Ikkje igangsett
Rehabiliteringsplan	2001		Rullering			Ikkje igangsett
Bustadsosial handlingsplan			NY			Vedtak 2016
Skulestruktur	2010					
Plan for barnehage sektoren	2008	Rullering				Ikkje igangsett
Trafikktryggingsplan	2001			Rullering		Ikkje igangsett
Gang- og sykkelvegstrategi			NY			Oppstart 2013. Utsett
Landbruksplan	2004			NY		Vedtak 2016
Næringsplan	1997			NY		Oppstart haust 2016
Energi- og klímaplan	2010					
Hovudplan avlop	2012	Rullering				Vedtak 2012
Hovudplan vassforsyning	1998		Rullering			Under arbeid, vedtak 2017
Kulturminneplan				NY		Ikkje igangsett
ARLEGE PLANPROSESSAR						
Økonomiplan 2012- 2015						Åleg
Årsbudsjett 2012						Åleg
Årsmelding						Åleg
BEREDSKAP						
Beredskapsplan jfr. Sivilbeskyttelselova § 15						Åleg
ROS-analyse, jfr. Sivilbeskyttelselova § 14	2010		Rullering			Rullert 2015
REGULERINGSPLANAR						
Aure Sentrum	1973		NY			Vedtak 2016
PLANGRUNNLAG						
Biologisk Mangfold	2011					
Kjernemråde Landbruk	2007					
Barnetrakkregistrering	2004		NY			Ny i 2014
Strandsonekartlegging				NY		Ikkje igangsett
Folkehelse-status (Folkehelselova § 5)			NY			Folkehelseinstituttet

Planstrategien for 2016 – 2020 vart vedteke i sak 16/17 den 20.03.17. I saka står det at:

Planstrategien er eit arbeidsredskap for kommunestyret, der ein prioriterer planoppgåver for valperioden ut frå behov og utfordringar.

Sykylven kommune har ei ROS-analyse. Den låg ved sak om kommunal beredskapsplikt som vart handsama i kommunestyret i sak 27/17 den 08.05.17.

Der er ein generelt observert tendens til at det er ein svak samanheng mellom kommuneplanen som har eit fast 10 til 15 års perspektiv og økonomiplanen som har eit 4 års rullerande perspektiv

Eit mogleg forvaltningsrevisjonsprosjekt kan vere målstyringsarbeidet i Sykylven kommune.

Tenesteleverandør og myndigheitsutøvar

Dette området omfattar kommunen si myndigheitsutøving og tilbod om sentrale tenester til innbyggjarane. Aktuelle spørsmål er mellom anna:

- Blir innbyggane og brukarar likebehandla?
- Blir tenester levert i rett tid, med riktig kvalitet og med ønska effekt?
- Blir sårbare grupper vareteke på ei god måte?

Kommunen har ei rekke områder der det blir utøvd mynde eller levert tenester ovanfor store brukargrupper. I tillegg til områder som angår alle som VAR, gjeld det til dømes barnehageområdet med 400 barn med barnehageplass (private/kommunale) i 2016, grunnskule med 1 015 elever i kommunale og private skular og 329 mottakarar av pleie og omsorgstenester i 2016.

Plan- og byggesaksbehandling er eit anna område som vedkjem mange, og er av stor betydning både for dei som søker, men også for samfunnsutviklinga. Det er viktig av denne tenesta har eit godt omdøme, og ein høg allmenn tillit.

Ein bør også vere særskild merksam på dei mindre og sårbare brukargruppene som barnevernsklientar, rusmiddelavhengige, psykisk sjuke og personar med psykisk utviklingshemming.

Det vart gjennomført eit tilsyn i 2017 der det vart konkludert med at: *Sykylven kommunen sikrar ikkje at personar med psykisk lidning og samtidig rusmiddelbruk får forsvarlege, koordinerte og heilskaplege helse- og omsorgstenester og sosiale tenester i NAV. Manglande system og samarbeid gjer risiko for svikt i tenestene for stor.*

Det kan vere risiko knytt til kvalitet i barnehage, mellom anna auka ambisjonsnivå med omsyn til språk, bemanning, kompetanse og inne- og uteareal.

Innan utdanning vil det til dømes kunne vere risiko knytt til om det er lik vurderingspraksis på tvers av skular, og skulane sitt bidrag til elevane si læring.

Innan barnevernet er det gjerne risiko knytt til m.a. handsaming av bekymringsmeldingar, samarbeid med andre instansar, minoritetskompetanse, kapasitet, etablering og anskaffing av eigna tiltak, rekruttering av foster- og beredskapsheim, oppfølging av barn med tiltak utanfor heimen og omdømeproblematikk. Det omfattar også det å ta godt vare på eit mogleg aukande tal på mindreårige flyktingar som kan ha behov for tiltak.

Forvaltningsrevisjon innan området myndighetsutøving og brukartilpassa tenester med tilstrekkeleg kvalitet kan rettast mot sakhandsaming, kvalitet, produktivitet, oppnådd resultat og effektar for brukarane. Dette området omfattar i stor grad arbeidsintensive sektorar der mynde blir utøvd og tenester levert i eit relativt tett samspel med brukarane.

Samfunnsutvikling, infrastruktur og samfunnstryggleik

Det å nå sine mål på dette området krev effektive planprosessar, gode løysingar på tvers av sektorar og hensiktsmessig verkemiddelbruk. Aktuelle spørsmål er m.a.:

- Blir det utført godt og koordinert planarbeid?
- Har kommunen tilfredsstillande beredskap og blir det arbeidd i tilstrekkeleg grad med førebygging?
- Blir det arbeidd målretta og effektivt med utvikling og drift av infrastruktur?

Nokre av punkta over er og relevante for næringsutvikling. For eksempel pådrivarrolle i arealplanar mv i høve til å legge til rette for ulike typar tomter og anna areal (bustader, hytter, næringsbygg mv), om offentleg infrastruktur er tilfredsstillande (Vegar/parkering/kai), bruk av næringsfond eller liknande. Infrastruktur som Vatn, avlaup og renovasjon til god kvalitet er blant kommunen sine viktigaste oppgåver.

Vidare er kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap viktig for å førebygge og om naudsynt handtere hendingar som kan setje liv og helse til innbyggjarane i fare og true vesentleg infrastruktur, funksjonar og verdiar. Slike hendingar kan vere utløyst av naturen, tekniske eller menneskelege feil eller av bevisste handlingar. Beredskap og krisehandtering er viktig for m.a. skular, barnehagar, sjukeheimar og bueiningar.

Forskrift om kommunal beredskapsplikt pålegg m.a. kommunen å jobbe systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleik på tvers av sektorar, med sikte på å førebygge og redusere risiko og sårbarheit. Dette set store krav til kommunen si kartlegging, analyser, planarbeid, øvingar og tilsyn.

Det vart gjennomført eit tilsyn om kommunal beredskapsplikt i 2017. Av tilsynet går det fram at:

Alle elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og arbeidet framstår som gjennomtenkt og godt tilpassa lokale behov. Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon som evaluerar hendingar og øvingar. Kommunen har rutinar for møter i kriseleiinga og beredskapsrådet.

Heilskapleg ROS-analyse revidert i 2017 og er forankra i kommunestyret, og oppfyller alle minimumskrava i forskrifta. Beredskapsplan er sist revidert i februar 2017, og oppfyller alle minimumskrava i forskrifta. For å stette alle forskriftskrava litt betre bør det gå fram i planverket at beredskapsplanen skal reviderast kvart år. Plan for info til tilsette, og system for opplæring, er minimumsløysingar. Potensialet for forbetring: Kommunen bør utarbeide ein handlingsplan med prioriteringar for oppfølging av funna i ROS-analysen og innrette beredskapsplanen betre mot desse funna i trå med forskriftskrava. Varslingslister og ressursoversiktar kan med fordel flyttast til CIM.

Forvaltningsrevisjon innan dette området kan vere retta mot arbeidet med reguleringsplanar og anna planarbeid, utbyggingstakt, beredskapsarbeid, tilsyn, ressursbruk, produktivitet, oppnådd resultat og effektar.

Arbeidsgjevarpolitikk – Helse, miljø og tryggleik

Sykylven kommune hadde iflg. KOSTRA 730 tilsette i 2016 som var fordelt på 527,4 avtalte årsverk. Konserntal som inkluderer dei kommunale føretaka angir 530,6 årsverk. Sykylven kommune er med andre ord ein stor arbeidsgjevar.

Aktuelle problemstillingar kan til dømes vere om kommunen har:

- føremålstenlege system og rutinar knytt til rekruttering av nye arbeidstakarar?
- føremålstenlege system og rutinar knytt til å behalde og utvikle arbeidstakarane?
- føremålstenlege system og rutinar knytt til avvikling av arbeidsforhold?
- tilstrekkelege rutinar for handtering av vanskelege personalsaker?
- tilfredsstillande rutinar for arbeidet for reduksjon av sjukefråvær og oppfølging av sjukmeldte?
- føremålstenlege rutinar knytt til bruk av vikarar og konsulentar?
- eit system som sikrar at regelverk knytt til innleige av arbeidskraft blir etterlevd?

Verksemdsstyring, digitalisering og informasjonstryggleik

Området omfattar kommunen sitt arbeid med verksemdsstyring, digitalisering og informasjonstryggleikt. Aktuelle spørsmål er bl.a.:

- Er styringa av drifta god, og blir det jobba målretta med utvikling og omstilling?
- Er det god kontroll med investeringane?
- Blir informasjonstryggleik i kritiske IKT-system godt ivareteke?

IKT er ein stadig viktigare og meir integrert del av tenesteproduksjonen, og er ein føresetnad for god produktivitet, effektivitet og oppnådde resultat og for kommunen si forvaltning generelt. Kommunen sine fellessystem har betydning for effektiv drift i all kommunal verksemd. Ved ei satsing på digitalisering av tenesteproduksjonen, må ein

leggje vekt på informasjonstryggleik, slik at verken vital informasjon om kritisk infrastruktur eller personopplysningar kjem på avvege.

For å gi eit tilstrekkeleg tilbod og sikre ein mest mogleg effektiv ressursutnytting, er det nødvendig med god verksemdsstyring, god intern kontroll og gode rutinar og kontrollaktiviteter på alle nivå, samt kontinuerleg modernisering og effektivisering av kommunen si drift. Intern kontroll er eit leiingsansvar.

Mangefull styring kan med andre ord auke risikoen for lav modernisering- og utviklingstakt, vesentlege overskridningar, lågare inntekter enn forventa, ineffektiv tenesteproduksjon, at tenesteproduksjonen ikkje blir av forventa omfang eller kvalitet, samt mislege høve.

Forvaltningsrevisjon innanfor området kan bli retta mot verksemdsstyring og intern kontroll, planlegging og styring av investeringar, informasjonstryggleik og styring av IKT.

Budsjett og budsjettoppfølging

Etter budsjettforskrifta skal rådmannen utarbeide forslag til tiltak dersom det oppstår budsjettavvik, og gjere endringar i årsbudsjettet når det er nødvendig.

Investeringsbudsjettet er eittårig. Det betyr at det er same krav til budsjettreguleringar på investeringsbudsjettet som det er på driftsbudsjettet dersom det ser ut til å bli avvik. Dersom det viser seg at ein vart forseinka med investeringar i førre år, må ein auke budsjettet i inneverande år. Lån som ein tok året før må ei då ta omsyn til ved årets låneopptak.

Det skal og presiserast at det berre er kommunestyret som kan vedta budsjettetskjema 1A, 1B, 2A og 2B, og eventuelle endringar i desse.

Forvaltningsrevisjon innanfor området kan bli retta mot system for budsjettoppfølging for både driftsbudsjettet og investeringsbudsjettet.

Større investeringar

I budsjettet for 2018 er det vedteke investeringar på i alt 55,1 mill kr. Over økonomiplanperioden tek ein sikte på å investere for 357,9 mill kr i alt.

Ein stor del av investeringane i planperioden er ein ny sentrumsskule som ligg inne med 240 mill kr. I kommunestyret sak 16/18 den 19.03.18 om *Ny sentrumsskule - plannemnda si innstilling og rådmannen sitt framlegg til finansiering*, går det fram at plannemnda rår:

... til ei skuleløysing med stor fleksibilitet når det gjeld elevtal (336-525 elevar) og til ein kostnad på ca. 317 millionar kroner. I denne løysinga ligg både ny idrettshall og kulturskulen integrert i bygget. Samtidig er ikkje tomtekostnader, infrastruktur og regulering med i denne ramma.

I planperioden ligg det også inne ei satsing på veg, på i alt 106,5 mill kr.

Dei resterande investeringane er tilskot til fellesrådet, IKT og avløp, samt ei generell investeringsramme til rådmannen på i alt 1,0 mill kr per år.

Prosjektstyring, oppfølging av anbodskontraktar, innkjøp mv. kan vere aktuelle tema for kontrollutvalet å sjå nærare på i samband med investeringar.

Mislege høve

Dersom revisjonen oppdagar mislege høve vil dette bli rapportert til kontrollutvalet i form av såkalla nummerert brev (jf. revisjonsforskrifta § 4).

Gode rutinar for varsling er viktig for fange opp og avdekke mislege høve.

VAL AV PROSJEKT

Når det gjeld val av prosjekt blir det vist til at ein tek sikte på at planen skal vere dynamisk med ei tidsaktuell rullerande analyse. Ein tilrår difor å vente med å ta konkret stilling til val av prosjekt til etter at planen har vore i kommunestyret.

TIMEBUDSJETT

Kommunerevisjonen har i budsjettet lagt til grunn ei timeramme på 200 timer i året til forvaltningsrevisjon og undersøkingar for Sykkylven kommune.

I høve til dette kan det ved hendingar og bestillingar skje at ein må gå over budsjettet ramme. Det kan då vere aktuelt å gjere ei tilleggsfakturering i slike særskilde situasjonar. Dette krev i slike tilfelle vedtak i kommunestyret.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

innstilling:

1. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å føreta prioriteringar innan forvaltningsrevisjon slik som å vedta enkelte undersøkingar.
2. Kommunestyret tek for øvrig saka om plan for forvaltningsrevisjon 2017 - 2020 til orientering.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Sak 03/18 - Eigarskapskontroll for ÅRIM (Ålesundregionens interkommunale miljøselskap IKS) på vegne av Ålesund kommune. Kunnskapsdeling Sykkylven kommune.

Vedlegg:

Eigarskapskontroll - Ålesundregionen interkommunale miljøselskap IKS som pdf fil.

Bakgrunn

Rapporten har bakgrunn i ein prosjektplan vedteke av kontrollutvalet i Ålesund kommune. Rapporten vart behandla av Ålesund bystyre 22. mars 2018.

Ein selskapskontroll er delt i to komponentar - eigarskapskontroll og forvaltingsrevisjon. Eigarskapskontroll er den obligatoriske delen og inneber vurderingar av eigarskapsutøvinga og forhold som vedkjem rapportering og informasjonsflydd frå eit eigarperspektiv. Forvaltingsrevisjon er ein frivillig del av ein selskapskontroll. Den kan omfatte vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og verknader ut frå vedtaket og føresetnadene til kommunestyret.

Det er levert to rapportar. Denne rapporten omhandlar eigarstyringa. Forvaltingsrevisjonsrapporten vil bli behandla seinare.

Rapporten er send på høyring til ÅRIM og rådmannen. Høyringssvar framgår av forord og vedlegg.

Rapporten

Det foreligger no ein omfattande rapport som klargjer mange sider som kommunerevisjonen anser relevant i forhold til å gi ei vurdering av korleis Ålesund kommune forvaltar eigarskapen sin av ÅRIM

Det gjennomgående temaet og fokuset for rapporten, er om eigarstyringa er god. God eigarstyring slik den er konkretisert i rapporten, melder at det inneber å føre kontroll med eigarinteressene sine. I dette ligg det at det er innført rutinar, altså etablert ein struktur som denne kontrollen blir utøvd gjennom og at den blir gjennomført. Denne strukturen kjem gjerne til uttrykk i eigarskapsmelding.

I tillegg til ei god eigarskapsmelding, inneber ei god eigarstyring at den blir utøvd i tråd med vedtaket til bystyret og føresetnader, aktuelle lovreglar og ikkje minst etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing.

I rapporten er det framstilt saker som er lagde fram for politisk behandling. Både vedtaka og deler av saksframstillinga gir føresetnadene.

Det er peikt på ei rekke aktuelle lovreglar, som ein må tru at all god eigarar må meine er særleg viktige å overhalde.

KS sine tilrådingar for selskapsstyring er lagt til grunn som gode etablerte normer for eigarstyring.

Rapporten melder også at etablerte normer for god selskapsleining melder at god kommunikasjon i alle ledd frå eigar, styrte, leiing og tilsette, er eit allment omtykt kjenneteikn på organisasjonar som har ei god styring mot å nå måla sine.

Om ÅRIM

Rapporten gir først ei oversikt over historikken til ÅRIM. Den melder føresetnadene til bystyret for å vere med i eit interkommunalt samarbeid med dei andre kommunane på Nordre Sunnmøre innan avfallsområdet.

Tenestene som ÅRIM leverer kan grovt delast inn i renovasjon, slam, miljøstasjon, mobil miljøstasjon, returpunkt, informasjon og haldningsskapande arbeid. Selskapet har ein stor oppgåveportefølje, og den framgår som vedlegg til rapporten.

ÅRIM er regulert av ei rekke lover, reglar og føringar, og det er vurderinga til kommunerevisjonen at selskapet er veldrive og godt kjent med det regelverket som regulerer selskapet.

Kommunerevisjonen vurderer det også slik, at frå danningsa av ÅRIM i 2009 og fram til i dag, så har selskapet i all hovudsak utvikla seg i tråd med intensjonane. Ei viktig årsak til opprettinga av selskapet, var at ein så for seg at framtida for avfallsbransjen ville bli krevjande, med ei stadig omstilling som ville krevje betre kompetanse. Dette blir peikt på at dette framleis gjeld.

ÅRIM har ein stor oppgåveportefølje, og er i ein bransje med ei stor teknologiutvikling og stadige vesentlege endringar i rammevilkåra av regulerande styresmakt. Kommunerevisjonen vurdering er at selskapet er tilpassingsdyktig i forhold til dette. Styrte, dagleg leier og dei tilsette, er etter deira syn kunnskapsrike og utviklingsorienterte i forhold til oppgåvene dei skal løyse. Vidare at selskapet verkar godt organisert med ein profesjonell kommunikasjon med omverda.

Om eigarstyring

Rapporten klargjer også eigarstyringa av ÅRIM med utgangspunkt i styringsorgana, styringsdokumenta og kommunikasjonen mellom ÅRIM og Ålesund kommune. Når det gjeld kommunikasjonen, så er det skilt mellom styring- og samarbeidskommunikasjon, der ein i forhold til sistnemnde tenkjar på leverandør- og kunderollar som dei har ovanfor kvarandre. Det er også sett på kommunikasjonen som har vore i forhold til Tafjord Kraftvarme AS, som saman med ÅRIM og Bingsa Næring er sentrale innanfor avfallshandtering i Ålesundsregionen.

Styringsorgana

Styrte til ÅRIM framstår etter vurderinga til kommunerevisjonen som profesjonelt og aktivt. Det blir peikt på at det er breitt samansett, og reflektere det politiske og administrative fokuset i forhold til samansettinga av styre som blei trekt opp i den siste eigarskapsmelding til Ålesund kommune.

KS tilrår å setje av tid til kompetanseutvikling gjennom opplæring eller eigarskapsseminar for alle folkevalte i løpet av dei første 6 månadene og etter 2 år, og at det jamleg blir gjennomført eigarmøte mellom representantar frå eigar, styrte og dagleg leier. Den generelle politikaropplæringa for ein ny valperiode blir ikkje vurdert som tilstrekkeleg for dei som har verv i eit representantskap. Det blir likevel peikt på at det er svært sentrale politikarar som forvaltar desse posisjonane i ÅRIM, så i forhold til eigarskapsutøvinga av ÅRIM kan det vere mindre relevant. Om ein derimot vurderer den samla portefølje av alt eigarskap i alle kommunane på Sunnmøre, bør ein kanskje vurdere å gi Sunnmøre Regionråd ei rolle i samanheng med opplæring av nye folkevalte i forhold til eigarstyringa.

I tillegg til opplæring, antyder også kommunerevisjonen at det bør gjerast eit framstøyt mot regionrådet med sikt på å avklare om dei kan hospitere interkommunale arenaer for å utarbeide eigarskapsmelding. Det kan vere med på å synligjøre eventuelle ulike vurderingar om kva som bør vektleggjast i eigarskapsmelding, samt vere med på å skape eit grunnlag for ei felles forståing i forhold til utviklinga til selskapa. I dette ligg også ei vurdering av korleis ein eventuelt bør formalisere og koordinere eigarmøte (ein uformell arena) mellom selskapa og dei av eigarane som er medlemer i regionrådet.

Når det gjeld rolla til rådmannen i eigarstyringa, så presiserer kommunerevisjonen at det etter synet deira er viktig at administrasjonen er involvert for å sikre god kontinuitet, men at det kanskje også bør gjerast somme tydelege avklaringar i forhold til dei ulike rollane.

Styringsdokumenta

Kommunerevisjonen melder at Ålesund kommune har ei god og omfattande eigarskapsmelding. Den trekkjer opp generelle prinsipp, og gir ein oversikt over alle selskapa som kommunen har ein eierdel i. Det er mange selskap og det gir ei omfangsmessig avgrensing i forhold til at den aleine kanskje ikkje er tilstrekkeleg for å utøve eigarskap for dei større selskapa. Det som går fram om ÅRIM spesifikt, er ei forventing om at selskapet driv effektivt, og synleggjer stordriftsfordelar som held avgifta på dagens nivå. Vidare at selskapet skal vere ein pådrivar for å få fram solid kunnskap om gode miljøloysingar, og ha grundige prosessar når det gjeld endringar.

Representantskapet i ÅRIM la fram ein langsiktig strategiplan. Den einskilde eigarkommunen og allmenheten, blei i denne prosessen etter synet til kommunerevisjonen involvert på ein god måte i forhold til det å trekkje opp dei opp lange utviklingslinjene for avfallshandtering for Ålesundsregionen. Strategiprosessen med ein høyringsrunde gav etter vurderinga deira representantskapet eit breitt vedtaksgrunnlag. Det blir peikt på at representantskapet einstemmig valde ein strategi som i all hovudsak var samanfallande med vedtaket i bystyret.

Strategiplanen er etter synet til kommunerevisjonen eit godt eigna reiskap for selskapsstyring. Dei melder at eigarskapsmelding og strategiplanen utfyller kvarandre på ein god måte i forhold til ÅRIM. Ei eigarskapsmelding kan ikkje vere detaljert i forhold til kvart selskap. Det ville gitt eit omfattande dokument, og krevje ein heller kapasitet og kompetanse av dei som skal utarbeide den. Kommunerevisjonen anser også erfaringa med ÅRIM sin strategiprosess som så god, at det bør vurderast å stille krav til ein strategiplan i eigarskapsmelding for dei selskapa der kommunen har ein vesentleg eierdel. Det blir også peikt på at det er viktig at denne strategiplanen blir forankra i det organet som utøver eigarstyring for kommunen, altså kommunestyret.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

04/18 - Praksis for stemmegiving i Sykkylven kommune og kommunelovas reglar om dette.

Bakgrunn:

SAK 21/17 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 1. JUNI 2017

Ved gjennomgang av møteboka frå møte 1. juni 2017 tok Karen Elise Matheson opp igjen sak 19/17 om at det i politiske vedtak burde kome fram opplysningar om korleis partia hadde røysta. I same sak hadde heile kontrollutvalet slutta seg til hennar synspunkt. Kontrolluvalet vedtok på nytt å presisere dette behovet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak om møteboka:

Møtebok frå møte 1. juni 2017 blir godkjent.

Dagens ordning i Sykkylven kommune;

I dag blir tal notert for medlemmer som stemmer i kvar sak, i tråd med §35 til kommunelova. Det er stemmeresultatet som er avgjerande for utfallet i kvar enkelt sak. Det er ikkje krav i dagens kommunelov om å notere kva kvart enkelt parti stemmer.

Kontrollutvalet meiner det ikkje gis god nok informasjon til innbyggjarane i Sykkylven kommune når ein ikkje får vite kva parti som stemmer kva. I tilegg mister kommunen viktig historisk informasjon når ein ikkje kan gå tilbake og sjå kva dei ulike partia stemde.

For å rette på dette, og kome i forkant av ny kommunelov, foreslår kontrollutvalet at dette innarbeides i kommunestyrets reglement. Som ein ser av lovforslaget er dette punktet tatt inn.

I forslag til ny kommunelov (Prop 46. L) heter det:

7.4.5 Generelt om møteboken

Departementet vil videreføre utvalgets forslag om at loven selv bør inneholde visse krav til innholdet i møteboken og også hvilke opplysninger som alltid skal framgå av boken. Det er særlig viktig at avstemningsresultatet kommer fram. Både utfallet av avstemningen og hvilke partier som stemte på hvilke forslag til vedtak skal framgå av møteboken. Dette er viktig for ettertiden og innbyggernes mulighet for å holde de folkevalgte ansvarlige for sine voteringer at møteboken viser hva de ulike partiene har stemt.

Innstilling til vedtak:

Kontrollutvalet vil oppmode Sykkylven kommunestyre om å innarbeide i reglementet sitt reglar for stemmegiving som gjer det mogligt å sjå korleis kvart enkelt parti stemmer. Saka blir send over til kommunestyret for vidare handsaming.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Sak 05/18 - Orientering om habilitet ved leiar Rolf Bergman.

Sjå vedlagte dokumenter frå leiar av kontrollutvalet, Rolf Bergmann. Han vil gje ei nærmere orientering til kontrollutvalet i møtet. Saka vert etter dette lagd fram utan tilråding til vedtak.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Sunnmøre kontrollutv. sekretariat IKS
Lerstadvegen 545
6022 Ålesund



Rolf Bergmann
Kagholvegen 3
6230 Sykkylven

Telefon
913 56 313

E-post:
rolfb@xi.no

Orienteringssak i kontrollutvalet. Vurdering om habilitet/inabilitet

Vurdering om temaet kan vere aktuell i samband med kommunestyret i Sykkylven si vidare og endelege behandling om evtl. nedlegging av Tandstad skule. Det vert vist til vedlagde notat, forfatta av underteikna. I tillegg, følgjer som vedlegg E-post frå rådmannen, artikkel i *KommunalRapport*, vidare eiga oppleving som medlem av fylkestinget og fylkesutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune. Eg viser elles til temaheftet og veileder; *Habilitet i kommuner og fylkeskommuner*.

Det er på generelt grunnlag ønskjeleg å få vurdert problemstillinga. Ikkje berre i samband med den konkrete hendinga i nemnde notat, men også at den vil få sin repetisjon i kommunestyret sitt komande møte, 14. mai d.å.

Det er slik at kommunestyret tidvis kan bli utfordra i spørsmålet om habilitet/inabilitet i seinare politiske saker. Underteikna, og eg vil tru for andre folkevalde vil det vere nyttig med ei klargjering.

Dato: 23. mars 2018

Med helsing

Rolf Bergmann
Representant i kommunestyret
og leiar i kontr.utvalet i
Sykkylven kommune

Vedlegg: Notat; evtl. nedl. Tandstad skule. E-post, rådm. Sykkylven kommune. Komm. Rapport; Habilitet i skolesaker. M&R fylkeskommune/fylkesutvalet, sak U87-06.

Notat

Vurdering om habilitet i behandling av sak; evtl. nedlegging av Tandstad skule.

Eventuell nedlegging av Tandstad skule har blitt gjenstand for betydeleg aktivitet og merksemd overfor det kommunalpolitiske miljøet, og innbyggjarane i kommunen for øvrig. Skulekrinsen Straumgjerde har unisont sluttar opp om protest mot nedlegging.

Kommunestyret behandla saksnr. 3/18 «*Budsjettinnsparing grunnskule 2018, alternative løysingar*» i møte 5. februar d.å.

Levekårutvalet har vore det første saksbehandlende organ; **saksnr. 6/18** før denne vart oversendt til formannskap og vidare kommunestyre. Leiari i Levekårutvalet er bror til rektor ved Tandstad skule. Av møteboka i utvalet gjeng det fram at han har vore aktiv forslagsstillar. Det gjeng for øvrig fram av møteboka at leiaren, trass i nær slektskap med rektoren ved skulen ikkje har prøvd sin habilitet.

Kommunestyret sitt møte, 5. februar 2018 var det behandlende organ så langt i saka. Ovanfor nemnde leiari i Levekårutvalet er også medlem av kommunestyret. Han er engasjerande opptatt av at skulen ikkje blir nedlagt. Heller ikkje i dette overordna politiske organet, kommunestyret kom det fram initiativ frå representanten om å få prøvd habiliteten.

Det gjeng fram av veileder «*Habilitet i kommuner og fylkeskommuner*» at; «**Medlemmer av kollegiale organer har plikt til å vurdere sin egen habilitet (...)**». Dette resulterte i at underteikna notatskrivar tok til orde for at ordføraren tok opp spørsmålet i kommunestyret. Før dette vart framlagd, framførde rådmannen frå talarstolen sitat frå veileder om habilitet, m.a. med det argument at ein representant i kommunestyret ikkje vil vere inhabil om vedk. hadde barn i skulen? Eit kjent forhold, ei helt anna problemstilling der forvaltningslova, etter mi mening er klar. Vidare var det innhenta denne uttalen frå kommuneadvokaten: «*Rektor ved Tandstad skule kan bli berørt av dette, men ikkje i ei slik grad at leiari i Levekår blir inhabil. Rektor har lang ansiniet i kommunen og vil behalde sitt ansettelsforhold i kommune*». Med denne «prosedyren» vart resultatet, ikkje overraskande, at kommunestyret, mot 3 stemmer kjende framanfor nemnde representant i kommunestyre habil.

Underteikna av notatet vil anføre at i ovanfornemnde «veileder», finn ein fleire tungtvegande grunnar til inhabilitet i høve den aktuelle saka, t.d. f-lova §6 c og §6 andre ledd. Eg vil elles sitere veileder; «*Særregler om inhabilitet i kommuneloven*» 3.avsnitt: «**Det er uheldig om en folkevalgt deltar i behandlingen av en sak som hun eller han tidligere har vært med på å forberede, enten som ansatt eller som folkevalgt medlem i et underliggende folkevalgt organ.**» Eg vil elles vise til boka til Bernt Frydenberg; *Kommunalrett, kapittel 3. Ugildhet i communal forvaltning*.

I forhold til rådmannen sine utleggingar til kommunestyret, vidare det som kort, og med få ord vart referert frå kommuneadvokaten, **synes inhabilitetreglane i forvaltninglova ikkje å vere tungtvegande nok. Heller ikkje dei referansar som følgjer dette notatet.**

Broren til utvalsleiar i levekårutvalet og representanten i kommunestyret er rektor ved Tandstad skule. Konsekvensen av eit evtl. endeleg fleirtalsvedtak i det overordna, kompetente organet vil medføre at rektor ved skulen ikkje lenger er rektor. Ein arbeidsplass er borte, og ei «tom bygning» står att. Karrieremessige forhold kan òg bli ein konsekvens.

Det er uheldig om ein folkevald i kommunestyret tek del i behandling av ei sak som han tidlegare har vore med å behandle som medlem i eit underliggende organ. Dertil som leiar av dette organet, og vidare det nære slektskapet han har til toppleiaren i skulen som kan bli lagt ned.

Endeleg vedtak om skjebnen til Tandstad skule vil bli gjort i kommunestyret 14. mai d.å.

Sykylven, 22. mars 2018

Representant i Sykylven kommunestyre/Leiar i kontrollutvalet:

Rolf Bergmann

Habilitet i skolesaker

Et kommunestyre skal stemme over om en av skolene skal legges ned. Forslaget om ny skolestruktur er fremmet som egen sak. I kommunestyret sitter folk som er gift med lærere på den nedleggingstruete skolen. Her sitter også folk som er gift med lærere på en annen skole i kommunen – en skole som i praksis vil få en noe tryggere framtid hvis forslaget om nedlegging av den første skolen blir vedtatt.

Flertallet i kommunestyret finner at de som er gift med lærere ved den første, foreslått nedlagte skolen, er inhabile i saken. De som er gift med lærere ved den andre skolen, er ikke inhabile, mener flertallet.

Er vedtaket om hvem som er habil og ikke, riktig? Ville det hatt noe å si hvis skolesaken ble behandlet som en del av budsjettforslaget, som kommer opp som neste sak?

Bernt svarer

Reglene om inhabilitet i forvaltningsloven og kommuneloven er til dels ganske vanskelige, og de skaper en god del problemer og usikkerhet. Her er de folkevalgte helt avhengig av å ha en administrasjon som enten selv behersker disse reglene, eller som ser når det kan oppstå problemer og sørger for å få tvilsspørsmål vurdert av en kyndig jurist i forkant av møtet.

Inabilitetsreglene er bygget opp slik at det som utgangspunkt er oppstilt en rekke ganske presise kriterier for situasjoner der folkevalgte eller tilsatte blir inhabile, som egen interesse i saken, eller tilknytning til personer, selskaper med mer som saken angår. Men denne opplistingen er ikke uttømmende. I forvaltningsloven § 6 andre avsnitt finner vi også den såkalte ”sekkebestemmelsen”:

”Likeså er han ugild [inhabil] når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til.”

Saker som skolenedlegging berører mange og vil nesten unntaksfritt skape sterkt engasjement. Dette vil likevel ikke være nok til å skape inhabilitet for folkevalgte. Engasjement – i egen eller andres interesse – er en del av lokalpolitikken, for at det skal inntre inhabilitet, må det være tale om en særinteresse

– ”særegne forhold”, og denne må være så sterk og konkret at den ”er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet”.

Men hvis det er tale om lærere som ser at deres egen arbeidssituasjon – og kanskje også fremtidige tilsettingsforhold – kan bli påvirket av kommunestyrets vedtak om skolestruktur, vil dette kunne være et ”særegent forhold”, ikke bare for lærerne selv, men også for deres nærmeste, altså her ektefellene. Det avgjørende blir da hvilke virkninger en slik nedlegging vil kunne medføre for den enkelte lærer; om dette er så sterke og forholdsvis direkte eller sannsynlige konsekvenser av vedtaket at det er egnet til å svekke tilliten til vedkommendes upartiskhet.

Det at noen lærere må skifte arbeidsplass, vil neppe i seg selv være nok til å skape inhabilitet. Men her er det vel grunn til å tro at en vesentlig del av begrunnelsen for vedtaket om nedlegging vil være ønske om å kunne foreta en viss nedbemannning av lærerstabben. Hvem som vil kunne bli berørt av dette, vil vel avhenge av hva slags tilsettingsforhold den enkelte er i, om det er tale om en fast eller midlertidig stilling, og om denne er knyttet til den enkelte skole eller til kommunen i sin helhet. Dette vil nok være usikkert, og det samme vil gjelde spørsmålet om hvor mange og hvilke lærere man eventuelt vil si opp. I tillegg kommer så kollegiale forhold. Det vil ikke være hyggelig å komme tilbake til egen arbeidsplass og ha stemt på en måte som medfører at kolleger mister jobben.

I en så utrygg og uoversiktig situasjon vil det etter min mening være riktig å anse ektefellene til samtlige lærere ved den nedleggingstruete skolen som inhabile når det skal tas stilling til om en av de to skolene skal nedlegges. Dette må gjelde også om dette bare inngår i budsjettforslaget. Da må det riktig nok senere treffes et konkret vedtak om gjennomføringen av nedleggingen, men hvis denne er lagt til grunn som forutsetning i budsjettvedtaket, er løpet langt på vei kjørt allerede da.

Habiliteten til ektefellene til de tilsatte ved den andre skolen vil avhenge av om og eventuelt hvordan disses tilsettingsforhold vil kunne bli påvirket av vedtaket. Det at man ”føler seg tryggere” på egen arbeidsplass hvis den andre skolen legges ned, kan ikke være nok. Men hvis det er på det rene at alternativet til nedlegging av den ene skolen vil være nedbemannning av den andre ganske straks, kan det tale for at også ektefellene til de tilsatte her vil være inhabile. Dette må da antakelig gjelde også om nedleggingen i første omgang bare tas opp som en budsjetsak.

Ellers er det viktig at slike inhabilitetsspørsmål reises i god tid før kommunestyremøtet, slik at det kan innkalles vararepresentanter som kan tre inn både under voteringen over hvem som er inhabile, og eventuelt under realitetsbehandlingen. Og hvis det er praktisk mulig, bør eventuelt saken utsettes til vararepresentant kan innkalles, se forvaltningsloven § 8 tredje avsnitt:

"Medlem skal i god tid si fra om forhold som gjør eller kan gjøre ham uggild. Før spørsmålet avgjøres, bør varamann eller annen stedfortreder innkalles til å møte og delta ved avgjørelsen dersom det kan gjøres uten vesentlig tidsspille eller kostnad."

Samrøystes vedtak i Fylkesutvalet - 30.05.2006

Møre og Romsdal fylke som det største fiskerifylket i landet, er sterkt oppteken av framtidsretta og konkurransekraftige rammevilkår for fiskeflåten både for kyst- og havgående fartøy.

Basert på administrative innspel fra Møre og Romsdal til Strukturutvalget gjennom Vestlandsrådet 22. mars 2006, ønskjer fylkesutvalet at det blir lagt til rette for ein uttale frå fylkestinget i juni om fiskeria sine rammevilkår.

U 89-06 Rehabilitering og mogleg utnytting av eigedomen St. Carolus i Molde - samling av m.a. fylkets 3 tannklinikkar (Sellanrå/Bergmo/Hjelset) i Molde til ein tannklinik.

Behandling i Fylkesutvalet - 30.05.2006

Saka var utsett frå dagen før.

Per Kristian Øyen var ute under votinga. 12 voterande.

Samrøystes vedtak i Fylkesutvalet - 30.05.2006

Fylkesutvalet tek orienteringa til vitande.

104-06 Rusutvalet - midlar til arbeidet

Behandling i Fylkesutvalet - 30.05.2006

Saka var utsett frå dagen før.

Per Kristian Øyen var ute under votinga. 12 voterande.

Samrøystes vedtak i Fylkesutvalet - 30.05.2006

1. Rusutvalet får stilt til disposisjon ei budsjetttramme på kr 150.000 for sitt arbeid i 2006.
2. Midlane blir å dekkje innanfor ramme 02 Politisk verksemd.

U 87-06 Oppfølging av vedtak i sak T-8/05 Sykkylven vidaregåande skole - bruk av driftsoverskotet ved overtaking av bygg frå Kompetansebygg AS.

Behandling i Fylkesutvalet - 29.05.2006

Rolf Bergmann bad om å få vurdert sin habilitet i saka. Bergmann sin svoger er styreleiar i Kompetansebygg AS. Fylkesutvalet fann Bergmann inhabil, jfr kommunelova § 40, forvaltningslova § 6. 12 voterande.

Gunn Berit Gjørde fremma på vegner av seg sjølv, Oskar Grimstad, Svein Atle Roseth, Reidun Klock Tjervåg og Toril Melheim Strand følgjande forslag:

"Fylkesutvalet viser til sak T-8/05 når det gjeld bruk av delar av overskotet (ca 1,5 mill kroner) frå Kompetansebygg AS til kjøp av areal for utviding av uteområdet ved Sykkylven vgs.

I samsvar med pkt 3 i fylkestinget sitt vedtak går fylkesutvalet inn for at det blir gjort avtale om kjøp av tilleggsareal (2,5 dekar) etter vedteken reguleringsplan for området i Sykkylven kommune, og etter omforent pris."

Fylkesdirektøren orienterte.

Toril Melheim Strand fremma forslag om å utsetje saka til neste dag.

Ved votering vart utsetjingsforslaget vedteke med 7 mot 5 røyster.

Vedtak i Fylkesutvalet - 29.05.2006

Saka blir utsett til 30.05.2006.

Behandling i Fylkesutvalet - 30.05.2006

Per Kristian Øyen kom tilbake til møtet. 13 voterende.

Rolf Bergmann viste til behandlinga av saka dagen før, der han vart kjent inhabil i denne saka. Han hadde etter det fått opplyst at Kompetansebygg AS er oppløyst og at vilkåra for inhabilitet ikkje lenger er til stades. Bergmann bad derfor om å få sin habilitet vurdert på nytt. Fylkesutvalet fann Bergmann habil.

Jan Magne Dahle viste til forslaget som var fremma dagen før, og oppmoda forslagsstillarane om å gjere følgjande endring:

"... og etter omforent akseptabel pris."

Forslagsstillarane aksepterte dette, og forslaget vart deretter tilslutta av Jan Magne Dahle, Olav Bratland og Anne Jorunn Hammerø Hatle.

Ved alternativ votering mellom tilrådinga og fellesforslaget, vart fellesforslaget samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak i Fylkesutvalet - 30.05.2006

Fylkesutvalet viser til sak T-8/05 når det gjeld bruk av delar av overskotet (ca 1,5 mill kroner) frå Kompetansebygg AS til kjøp av areal for utviding av uteområdet ved Sykkylven vgs.

I samsvar med pkt 3 i fylkestinget sitt vedtak går fylkesutvalet inn for at det blir gjort avtale om kjøp av tilleggsareal (2,5 dekar) etter vedteken reguleringsplan for området i Sykkylven kommune, og etter omforent akseptabel pris.

U 90-06 ØKONOMIRAPPORT PR. 1.TERTIAL 2006

Samrøystes tilråding frå Fylkesutvalet - 30.05.2006

1. Fylkestinget tek økonomirapporten til orientering.
2. Vedtaket i sak T-15/06 om å løyve 11,8 mill. kroner til Forskningsfond Møre og Romsdal finansiert av ubundne investeringsfond, blir gjort om til å bli finansiert av sentralt disposisjonsfond.

Rolf Bergmann

Fra: Rolf Bergmann <rolf.bergmann@sykkylven.kommune.no>
Sendt: søndag 11. februar 2018 13.34
Til: Rolf Bergmann
Emne: Fwd: SV: Habilitet

xxx

Sendt fra min iPad

Videresendt melding:

Fra: May-Helen Molvær Grimstad <may-helen.molvar.grimstad@sykkylven.kommune.no>
Dato: 5. februar 2018 kl. 19.20.21 CET
Til: Rolf Bergmann <rolf.bergmann@sykkylven.kommune.no>
Emne: Fwd: SV: Habilitet

18. jan. 2018 kl. 10:42 skrev May-Helen Molvær Grimstad <may-helen.molvar.grimstad@sykkylven.kommune.no>:

Ang habilitet og folkevald.

Det er organet sjølv som avgjer om det enkelte medlem er habilt eller inhabil. Beslutningen kan ikke delegast. Der kommuneadministrasjonen er i tvil om kva råd ein skal gi dersom ein blir spurt, legg ein saka fram for kommuneadvokaten.

Sitat i frå veilder:

«Folkevalgt har en meget vid anledning til å uttrykke politisk standpunkter, for eksempel i media, utan å bli inhabil til å behandle saker om dette temaet. Men det kan stille seg annerledes viss en tjenestemann har gitt utsyn for bestemte meninger om utfallet av en individuell sak eller har ledet en aksjon i tilknytning til en bestemt sak. At man i alminnelig og dagligdags situasjon sitasjoner som mange befinner seg i, vil normalt ikke føre til inhabilitet, fordi det da ikke vil foreligge et særegent forhold. For eksempel blir ikke et medlem av kommunestyret inhabil i skolesaker bare fordi vedkommende har barn i skolen. Men det er heller ikke krav om at forholdet må være helt unikt. Hvis for eksempel en endring av reglene om skoleskyss kan bli til særlig fordel eller ulempe for et bestemt medlem av kommunestyret eller medlemmets barn, kan det måtte betraktes som særegent forhold. Det særegne forholdet

<image001.png> <image002.png>

Vi gjer merksam på at e-post til og frå Sykkylven kommune i utgangspunktet er journalpliktig etter arkivlova,

og også vil vere eit offentleg saksdokument som andre vil kunne få innsyn i etter reglane i offentleglova.